

## **Samtykkeerklæring om deling av personopplysningar og bruk av bilete**

Namn: \_\_\_\_\_ Fødselsdato: \_\_\_\_\_

### **Samtykke til utveksling av fortruleg informasjon**

Eg gjev med dette samtykke til at personopplysningar og fortrulege opplysningar om meg, som er relevant for opplæringsa og opplæringssituasjonen min kan delast med (kryss av i rutene):

- Kontaktlærar, faglærarane mine, avdelingsleiar, rektor og elevtenesta ved skulen
- Foreldre/føresette
- Rettleiingstenesta (PPT og OT)
- Helsejukepleiar
- Praksisstad
- Andre relevante instansar utanfor skulen. Spesifiser: \_\_\_\_\_

Opplysningane vil berre bli utveksla ut frå føremålet å tilrettelegge for og følgje opp opplæringsa, og vil ikkje bli delt med fleire enn det som er naudsynt ut frå dette føremålet.

Dersom det er særskilte opplysningar/tilhøve eg ønsker å unnta frå dette samtykket til deling av informasjon om meg, vil eg gje skulen melding om dette. Eg er òg informert om at eg kan trekke samtykke attende når som helst. Dersom eg ønsker å trekke attende samtykket mitt, tek eg kontakt med skulen.

### **Samtykke til å ta bilete og publisering av bilete av meg**

Eg gjev med dette samtykke til at Vestland fylkeskommune og Førde vidaregåande skule kan ta bilete av meg til bruk i fylkeskommunen og skulen si verksammd. Eg gjev samtykke til at biletet kan brukast (kryss av i rutene):

- i skulen sitt arkivsystem og på id-kort/skulebevis
- i skulen sin skulekatalog
- i skulen sitt profilermateriell, informasjonsmateriell, nettsider m.m

Eg er informert om at skulen og fylkeskommunen føl personopplysningslova og åndsverklova ved publivering av biletet. Eg er informert om at eg kan trekke samtykket attende når som helst.

Fylkeskommunen og/eller skulen skal då slette digitale biletet av meg i biletarkivet og fjerne biletet av meg som er publisert på fylkeskommunen sine område. Dersom eg ønsker å trekke attende samtykket mitt, tek eg kontakt med skulen.

- Eg gjev samtykke til deling av personopplysningar, jf. erklæringa over**
- Eg gjev ikkje samtykke til deling av personopplysningar**
- Eg gjev samtykke til å ta og publisere biletet av meg, jf. erklæringa over**
- Eg gjev ikkje samtykke til å ta og publisere biletet av meg**

**Samtykka eg har gjeve i denne erklæringa gjeld for skuleåret 2023/24.**

Erklæringa er underteikna i to eksemplar, eitt til skulen og eitt til meg.

Stad/dato: \_\_\_\_\_ Signatur: \_\_\_\_\_